

Det skjer mykje på Vertshuset denne veka. I går var det quiz, i dag er det skalldyraften og laurdag er det konsert med ein av dei mest populære trubadurane i Stavanger-området.

Han heiter Odd Bjarne Vigre (31) og starta si musikalske reise for 8 år sidan, som vokalist i coverbandet Copycatz.

I Uskedalen er han åleina på scena - med sin akustiske gitar.

- Odd Bjarne er ein god bekjent. Han er svært populær i Stavanger-området etter mange konsertar på utestader, til dømes Sandnes Brygge, fortel verten, Morten Nilsen.

Enda meir kjend vart han sist haust då han deltok i X-Factors audition frå Stavanger og plasserte seg blant dei 10 beste. Det var forresten den 10 år gamle sonen Mark Andre som melde han på!

I perioden frå 2002 til 2006 spela Copycatz i Stavanger og omegn og hadde stor suksess med sin poprock.

Odd Bjarne har skreve eigne låtar sidan 1995, men det var ikkje før han trådte fram under vignetten Planet Parker i 2006 at nokre av dei fekk utvikla seg i eit studio. Men han avslutta engasjementet sitt i Planet Parker det same året..

Vigre-konserten på Vertshuset startar klokka 22 og varar til midnatt. Trubaduren kjem til Uskedalen før helga og det kan hende at han syng nokre sangar allereie fredag, hvis det kjem nok tilhøyrarar!

Av Ola Matti Mathisen